

Referat 2008

Møte i nasjonalt fagråd for kvinne- og kjønnsforskning

Stad: Universitetet i Bergen

Tid: 24. oktober, kl 09.00-14.30

Til stades:

Representantar:

Universitetet i Tromsø, Senter for kvinneforskning og kvinner i forskning - Siri Gerrard (nestleiar)

Universitetet i Bergen, Senter for kvinne- og kjønnsforskning - Ellen Mortensen (leiar), Tone Lund-Olsen (sekretær)

Universitetet i Oslo, Senter for kvinne- og kjønnsforskning - Harriet Bjerrum-Nielsen, Oddrun Rangsæter

Universitetet i Stavanger, Nettverk for feministisk teori og kjønnsforskning - Wenche Mühleisen, Ingvill Helstrand

NTNU, Senter for kvinne- og kjønnsforskning ved Institutt for tverrfaglige kulturstudier - Trine Annfelt

Norges Studentunion, UiB - Jorunn Mjøs

Observatørar:

KILDEN – Maria Grönroos

FOKK – May-Len Skilbrei, Rannveig Dahle

Meldt forfall:

Høgskolen i Finnmark – Wenche Kjæmpenes

SAKSLISTE

Sak 1/2008 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste til møtet 24.10.2008 vart godkjent.

Sak 2/2008 Godkjenning av referat frå 26.10.2007

Referat vedlegg 1

Vedtak: Referat frå møtet 26.10.2007 vart godkjent.

Sak 3/2008 Kjønnsforskning Nå – finansiering og frekvens v/Siri Gerrard

Nestleiar Siri Gerrard gjorde greie for bakgrunnen for saka. Det var brei semje om at konferansen er ein viktig møteplass for kjønnsforskarar i Noreg som bør oppretthaldast, men at oppslutninga om konferansen kanskje vil bli større om han vert arrangert annakvart år og ikkje kvart år slik det har vore til no. Det var også semje om at det er behov for både Kjønnsforskning Nå og FOKK-konferansen fordi dei har ulik funksjon. Kjønnsforskning Nå er ein møteplass for kjønnsforskarar med låg terskel for å legge fram uferdig arbeid, medan FOKK-konferansen i større grad er ein arena for formidling av forskingsresultat. Fagrådet gjekk derfor inn for at dei to konferansane skal arrangerast annakvart år. Det vart også sett opp ein plan for kvar konferansane skal arrangerast dei neste åra.

Vedtak: Kjønnsforskning Nå skal arrangerast anna kvart år med motsatt frekvens av FOKK-konferansen. Kvar enkelt arrangør avgjer om dei har behov for å søke om midlar til arrangementet.

Dei neste konferansane skal arrangerast av:

Kjønnsforskning Nå 2009 UiTø

FOKK-konferansen 2010 UiB i samarbeid med FOKK

Kjønnsforskning Nå 2012 UiS

FOKK-konferansen 2013 NTNU i samarbeid med FOKK

Kjønnsforskning Nå 2014 UiA (evt. UiB)

FOKK-konferansen 2015 UiTø i samarbeid med FOKK

Kjønnsforskning Nå 2016 UiO

Sak 4/2008 Oppretting av nasjonal forskerskule v/Ellen Mortensen

Ellen Mortensen viste til notatet som var sendt som bakgrunn for saken (vedlegg 2) og orienterte om arbeidet som er gjort i forhold til saken i forkant av møtet.

Diskusjonen omkring opprettinga av ein nasjonal forskarskule innan kjønnsforskning har berre blitt meir aktuell etter som phd-utdanninga blir stadig meir formalisert. Fagrådet var samde om at det er viktig å få på plass ein nasjonal forskarskule som kan styrke forskarutdanninga både for phd-kandidatar med ei innretting mot kjønnsforskning innanfor dei ulike fagdisiplinane og for phd-kandidatane ved sentra.

Fagrådet innkallar til arbeidsmøte for å fortsette arbeidet i Bergen 29. januar. Då vil også Nina Lykke, leiar for den nordiske forskarskulen Norsgender vere til stades. I tillegg til fagrådsmedlemene vil NIKK, FOKK og Unni Langaas, UiA bli invitert til møtet.

Før møtet må det avklarast kva som er krava til forskarskular på følgjande nivå:

- institusjonsnivå (fagrådsmedlem frå kvar inst. undersøker krava på sin institusjon)
- nasjonale forskarskular (kva krav stiller NFR, Ellen Mortensen undersøker)
- svenske forskarskular (Rannveig Dahle undersøker)
- finske (Rannveig Dahle undersøker)
- danske (Harriet Bjerrum Nielsen undersøker)
- Nordforsk (Merete Lie undersøker)

Vedtak: Fagrådet vedtok å kalle dei aktuelle miljøa saman til eit arbeidsmøte i Bergen 29. januar for å starte prosessen med å søke om midlar til etableringa av ein nasjonal forskarskule i kjønnsforskning. Merethe Lie, NTNU, får ansvar for å leie det vidare arbeidet med forsøket på å etablere forskarskulen. Ellen Mortensen kallar inn til arbeidsmøtet.

Sak 5/2007 Karakterbruk i UH-sektoren (bachelornivå) v/ Ellen Mortensen

Fagrådet gjekk gjennom dei utsendte oppgåvene frå emna:

- Perspektiver på kjønn (KULT 2022), NTNU,
- Feministisk vitenskapsteori (KFL2010) , UiO
- Feminisme og multikulturalisme (KFL 2031), UiO
- Fordypning i Feministisk litteraturvitenskap eller filosofi (KVIK 202), UiB.

Alle oppgåvene er på 200-nivå, men er likevel ikkje heilt enkle å samanlikne fordi emna er så ulike med nokre fordjupingsemner og nokre generelle .

Det var semje om at alle oppgåvene var litt for strengt vurdert utanom oppgåva frå NTNU som kunne vore strengare vurdert. Det vart også ein god diskusjon både omkring nivåforskjellen mellom heimeeksamen og skuleeksamen og kva eksamensform som er best eigna på ulike nivå, og omkring måten oppgåvetekstane er formulerte på. Det vart mellom anna reagert på at UiO sine oppgåvetekstar var så detaljerte at dei både hjalp studentane til å strukturere stoffet og fortalde kva teoretikarar dei skulle nytte. Dette bør vere noko studentane sjølv skal vise at dei kan. Fagrådet la vekt på at eksamensoppgåver må lagast med ein bevisst tanke om utforminga fordi oppgåveteksten i stor grad styrer kva moglegheit det gir for studenten å vise sjølvstende .

Vedtak: Ein rapport basert på gjennomgangen på møtet vil bli utarbeidd av fagrådet v/Ellen Mortensen og sendt til UHR.

Sak 6/2007 Nominering av publiseringskanaler til nivå 2 v/Ellen Mortensen

Revisjon av UHR si publiseringsliste for fagfeltet kjønnsforskning vart diskutert, utan at forslag til nye tidsskrift kom fram.

Vedtak: Ingen nye tidsskrift vart foreslått til nivå 2 på publiseringslista i år, men til neste år skal fagrådet foreta ein grundig revisjon av lista. Alle miljøa får i oppgåve å sjekke eventuelle overlappingar mellom publiseringslista innan kjønnsforskning og publiseringslistene frå andre fagfelt.

Sak 7/2008 Val av ny fagrådsleiar

Fagrådsleiar skal kome frå UiO, NTNU eller UiB. Nestleiar kan kome frå UiT eller UiS.

Vedtak: Harriet Bjerrum-Nielsen frå UiO vart valt som ny fagrådsleiar (Jorunn Økland overtar vervet når ho overtar som leiar for STK, UiO). Wenche Mühleisen frå UiS vart valt som nestleiar.

Sak 9/2008 Nytt møte

Neste fagrådsmøte vart lagt til Oslo 23. oktober 2009

Sak 10/2008 Eventuelt

Ingen saker var meldt til eventuelt.